



Olav Birkeland Bergsvik  
C. Sundts Gate 66  
5004 Bergen

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/4210 - 22/61822

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
18.08.2022

## Løyve til oppgradering av kjerreveg til vegklasse 3 landbruksveg på gbnr. 182/3 Gausereid i Alver kommune

**Administrativt vedtak: Saknr: 889/22**

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Olav Birkeland Bergsvik løyve til bygging av omsøkt veg på gnr. 182, bnr. 3 Gausereid.

### Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Veggen skal oppgraderast slik den er søkt om.
- Løyver, fullmakter og eventuelt naudsynte nabovarsel må vere til stades før bygging kan setjast i gong.
- Faren for ureining skal minimaliserast ved at råd utarbeidd av Multiconsult skal fylgjast slik det kjem fram i saksutgreiinga under. Det skal ikkje nyttast ureina masse i prosjektet.
- Vedtaket er gyldig til 01.06.2025 Om ikkje arbeidet er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015-05-28-550 planlegging og godkjenning av landbruksvegar § 3-2

### Saka gjeld

Olav Birkeland Bergsvik søker om løyve til å oppgradere ein «kjerreveg» til vegklasse 3 landbruksbilveg. Vegklasse 3 er standarden for skogsbilvegar, gards- og setervegar med moderat til lågt trafikkgrunnlag. Planen er å ruste opp bustaden i tunet og dernest flytte dit.

### VURDERING:

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier» er å sikre at planlegging og bygging av slike vegar skjer på ein måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar med meir som naturmangfald, landskap,

kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av vegen..

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og i ein større samanheng. Ved søk i Naturbasen og Artsdatabanken er det ikkje gjort funn i eller kring den planlagde vegtraséen. 16.06.22 vart saka sendt på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune – kultur. Ingen av desse har kome Statsforvaltaren i Vestland, Alver kommune har ikkje kome med attendemelding. Vestland fylkeskommune har ikkje avgjerande merknader til søknaden utover at ved arbeidet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter og liknande.

Området ligg i utlaupsområdet for aktsemdsområdet for skred. På bakgrunn er det har søkjar fått Multiconsult til å utarbeide skredfarevurdering. Den er dagsett 26.04.2022. I rapporten konkluderer Multiconsult med at årleg nominelt sannsyn for skred er mindre enn 1/1000 i kartleggingsområdet. I dagens terreng kan derfor tiltak i sikkerhetsklasse S1 og S2 etableres uten krav til skredsikring.

Området vegen skal oppgraderast i, er bratt og det må sprengast/piggast i fjellskjæring for å få god nok vegbreidd inkl. skulder som er minimum 4 m for denne vegklassen. Om det må byggjast støtte mur på nedsida, er det av tryggleiksomsyn viktig at vegen er brei nok. Køyrebana skal vere minimum 3,5 m jf. Normaler for landbruksveier – med byggebeskrivelse av august 2016, kap. 3.3. side 17, Landbruks- og matdepartementet og landbruksdirektoratet.



*Fig. 1. Anleggsområdet er bratt og med tidvis liten plass til å utvide vegen. Kjelde: vedlegg til søknaden.*





Fig. 2. Vidare oppover ligg vegen framleis inn mot fjellpartiet. Kjelde: Vedlegg til søknaden.

Anleggsområdet ligg i nedbørsfeltet til Storevatnet som er drikkevasskjelde. Multiconsult har òg gjennomført vurderingar av ureiningsfare i høve drikkevasskjelda Storevatnet. Dei rår til at fylgjande tiltak bør setjast i verk for å minimere faren for ureining av drikkevasskjelda (direkte sitert frå vurderinga til Multiconsult):

- «Det er viktig å ha kontroll på overvannet og tilsig fra skråningen oppstrøms tiltaksområdet. Det må derfor etableres avskjærende grøfter eller lignende tiltak oppstrøms tiltaksområdet for å redusere mengden overvann som renner gjennom anleggs-/tiltaksområdet.
- I forbindelse med anleggsarbeidet er det viktig at partikkelholdig eller forurenset vann ikke blir ledet direkte til resipientene.
- Utslippspunkt for overvann fra anleggs-/tiltaksområdet må ligge så langt unna resipientene som mulig (og ikke nærmere enn nødvendig utslippspunkter for overvann som ligger like utenfor/vest for kjerreveien). Dette vil bidra til at overvann kan infiltrere i grunnen ved utslippspunktene, og renne gjennom en størst mulig buffersone av løsmasser som binder opp partiklene i sigevannet før vannet siger ut i grøften/bekken og videre til Storavatnet.
- Inngrep i den naturlige vegetasjonen i buffersonen vest for kjerreveien bør unngås for å ha størst mulig buffersone mot resipientene.
- Eventuell masseforflytning/masseutskifting i tiltaksområdet anbefales utført i perioder med lite nedbør.
- Påfyll av drivstoff på anleggsmaskiner skal fortrinnsvis foregå på områder som ikke drenerer til resipientene, alternativt skal det sikres at eventuelt søl/uhell på påfyllingsplassene samles opp.
- For å unngå påvirkning av pH i resipientene skal betongarbeider ikke utføres dersom det er fare for mye nedbør. Det skal heller ikke foregå utslipp av vann fra betongarbeider direkte til resipienter. Vask av betongutstyr skal ikke utføres i anleggsområdet.
- Entreprenør bør sette ut en «siltgardin»/filterduk i bekken som renner ut i Storavatnet for å hindre eventuell tilførsel av partikkelholdig vann. Duken bør plasseres omtrent midt i bekken,

men må tilpasses i felt. Det bør også være en «siltgardin»/filterduk i beredskap som skal benyttes dersom det mot formodning viser seg at anleggsarbeidet medfører stor grad av tilslamming i bekken.

- Entreprenøren skal ha tilgjengelig absorberende midler for å håndtere eventuelle uhellsutslipp fra maskiner. Beredskap med oljevernutstyr som f.eks. oljelense og absorberende midler skal være lett tilgjengelig.»

Etter søk i [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no) er det ikke gjort funn av kulturminne i eller kring anleggs-området.

Vi vil gi ros til søker for ein grundig utarbeidd søknad.

### Regelverk

- Naturmangfaldslova
- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar
- Normalar for bygging av landbruksvegar – med byggjeskildring

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/4210»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Olav Birkeland Bergsvik

C. Sundts Gate 66

5004 Bergen